

Solid innsats av 90-åringen

10.02.2007



Helselaget frå Uskedalen markerte seg skikkeleg på frivilligdagen. Her sit, frå venstre, Berit Helene Myklebust, Hilda Guddal, Berit Harriet Døssland, Inger Olsen og Selma Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal helselag var svært synleg og gjorde ein solid innsats under den store frivilligdagen som Kvinnherad Frivilligsentral avvikla i Senteret på Husnes laurdag. Dagen inngjekk i Kvinnherad kulturfestival 2007. Det var første gongen 90-åringen markerte seg på denne måten, men det blir nok slett ikkje den siste.

Ved hjelp av plakatar, brosjyremateriell og munn-til-munn-metoden fekk dei fem på standen skikkeleg fram at helselaget inngår i den store organisasjonen som heiter Nasjonalforeningen og som har 750 helselag med meir enn 50.000 medlemmer. Ikkje minst gjer organisasjonen ein stor innsats for hjarteforskinga og det var sal av hjartelodd på standen.

Under overskrifta "Frivillig arbeid i 90 år" viste laget fotoglimt frå verksemda, det var både turar, møte, basarar, pensjonistfest og pakking av julepakkar for Valen.

Standen vart også ein skikkeleg opptakt til basaren 12. mars, der medlemmene som vanleg fristar med ting dei har laga sjølv, til dømes sengesett, dukar, puter og pledd.

I fjor ga denne basaren ei inntekt på 22.000, men dei har vore over 26.000 på det meste.

Av Ola Matti Mathisen



Også søndagsskulane i Kvinnherad markerte seg på frivilligdagen og Nelly Kjærland var ein av dei som gjorde teneste på SVUSH-standen. Bokstavane står for Sunde, Valen, Utåker/Uskedalen, Sandvoll og Husnes/Holmedal! Til venstre sit Janniche Bjelland Pedersen frå Husnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)